



Årsplan
2020/2021
Teoridel

Lov om Barnehager

1 Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

2 Barnehagens innhold

«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, her under samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.»

Orientering om rammeplan for barnehagen

Målet med rammeplanen er å gi styrar, pedagogisk leiarar og det øvrige personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Rammeplanen gir også informasjon til foreldre, eigar eller tilsynsmyndigheit. Rammeplanen retter seg derfor mot

- Barnehagen sitt personale, som reiskap for planlegging, dokumentasjon og vurdering
- Foreldre/førsette, for å gi innsikt i barnehagen si verksemd og moglegheit til medverknad og medbestemmelse i henhold til barnehagelova paragraf 4
- Barnehageeigar, som kan fastsette retningslinjer for lokal tilpassing av rammeplanen (paragraf 2) og som har ansvar for at den einskilde barnehage har dei nødvendige rammevilkår
- Kommunen, som har ansvar for å føre tilsyn med at alle barnehagane i kommunen driv ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd i samsvar med lov og forskrifter (paragraf 16)

RAMMEPLANEN ANGIR:

- forpliktande mål som barnehagen skal arbeide etter.
- krav til kvalitet til det sosiale samspel.
- sju fagområde som alle barna skal få erfaring med gjennom barnehageåret:
 - Kommunikasjon, språk og tekst
 - Kropp, bevegelse, mat og helse
 - Kunst, kultur og kreativitet
 - Natur, miljø og teknologi
 - Antal, rom og form
 - Etikk, religion og filosofi
 - Nærmiljø og samfunn

Pedagogiske hovudmål for arbeidet med barna

Innleiing

I vår barnehage er det viktig at barna opplever tryggleik, at dei blir sett både av vaksne og andre barn. Tryggleik er ein føresetnad for læring og utvikling.

Utvikling er ein kontinuerleg prosess, eit samspel mellom barnet og omgivnadane.

- * Gjennom handlingar i sitt nærmiljø merkar barnet at det finnast ein viss samanheng og eit mønster i tilvære.
- * Slike mønster som gjentar seg i dei kvardagslege hendingane utgjer byggesteinane i barnet si oppfatning av omverda si.
- * Det omverda viser og gjer mot barnet får derfor stor innverknad.
Det som dominerer i kvardagen vil også dominere i den kunnskap og forståing barnet utviklar.

Barnet sitt sjølvbilde blir forma i samværet med mennesker dei har eit nært forhold til:

"Jeg oppfatter meg selv gjennom andre menneskers reaksjoner på meg"

(G.H. Mead)

Tryggleik:

- skal til for å våge å prøve ut nye ting, skaffe seg nye erfaringar.
- skal til for å våge å vite, ta standpunkt og trekke konklusjonar.
- skal til for å våge å hevde egne og andre sine meninger.
Uansett alder og modning forutsett tryggleik at ein har ein viss grad av:
 - oversikt over den samanheng ein oppheld seg i (reglar, normer, relasjonar, årsak og verknad, evner og begrensningar)
- gruppetilhøyrse, - at ein har menneske rundt seg som bryr seg om ein, stoler på ein, trenger ein og gir respons.
- læring/dugleik, - at ein har mogelegheit/evne til å utføre det ein setter seg som mål.

Dette er faktorar vi vil arbeide med i barnehagen.



Sosial utvikling

Med sosial utvikling meiner ein utviklinga fram mot eit individ som er i stand til å forholde seg til andre menneske og å samhandle med dei. For å bli i stand til dette må barnet delta i ein sosial læringsprosess. Denne prosessen kan ikkje lærast teoretisk. Det er berre saman med andre at mennesket kan lære å forstå seg sjølv som eit sosialt individ uavhengig av andre.

Mål for det enkelte barn:

- tryggleik og trivsel
- positivt sjølvbilde
- kjenne at ein høyrer til
- kjennskap til nærmiljøet sitt

Mål for forholdet barn - barn:

- omsorg
- nestekjærleik
- solidaritet
- evne til innlevelse (empati)
- samarbeid
- respekt



Den vaksne må ha eit aktivt forhold til barna sitt samspel, og vere bevisst rolla si som forbilde. Den vaksne skal stimulere til prososiale handlingar, dvs. handlingar som har til hensikt å støtte, hjelpe eller vere til nytte for andre.

Det skal jobbast bevisst for å forebygge krenkelsar og mobbing, og ta på alvor barna si oppfatting av sin eigen situasjon.

Emosjonell utvikling

Med emosjonell utvikling meiner vi den følelsesmessige utviklinga fram mot det å bli kjent med sine følelsar, og lære seg å uttrykke dei i akseptable former i forhold til andre.

Mål for det enkelte barn

- bli bevisst på sine følelsar i forskjellige situasjonar, og å kunne sette ord på dei
- uttrykke følelsane gjennom leik og skapande aktivitetar.

Mål for forholdet barn - barn

- forståing/respekt for andre sine følelsar
- uttrykke følelsar, utan at det skader andre
- medfølelse, innlevelse (empati).

Intellektuell utvikling

Med intellektuell utvikling meiner vi den tankemessige utviklinga, best uttrykt gjennom barnet sitt språk. Til grunn for språket ligg omgrepsforståinga. Den grunnleggande utviklinga er ikkje orda, men dei konkrete opplevingane barnet har, - som gir orda innhald.

- Mål for det enkelte barn
- lære omgrep og utvide forståelsen av omgrepa, - gjennom konkrete erfaringar og opplevsar (samtale, spel, bøker, turar mm.)
 - oppøve hukommelsen
 - gi barnet trening i problemløysing gjennom bruk av sine erfaringar og resonneringsevne
 - trene opp den logiske tenkjeevna, kunne trekke slutningar; frå handling til konsekvens.

Motorisk utvikling

Med motorisk utvikling meiner vi utviklinga av det som har med kroppsleg beherskelse / bevegelse å gjere. Dette omfattar både finmotoriske og grovmotoriske ferdigheiter.

- Mål for det enkelte barn
- lære å kjenne og beherske sin eigen kropp
 - ut frå barnet sitt utviklingsnivå vil vi trene finmotoriske og grovmotoriske ferdigheiter.

Leiken

I løpet av barnehagedagen er det sett av mykje tid til leik. Leik er eit mål i seg sjølv. Ikkje alle er klar over kvifor leiken er så viktig for barnas utvikling.

Gjennom leik frigjer barna egne krefter, evner og anlegg. Dei prøvar ut sine erfaringar, bearbeider sine opplevsar og utviklar sine tankar. Leik er den beste måten barn kan lære på til langt opp i skulealder. Leiken er lystbetont, - noko som er ei viktig forutsetning for læring. Barn som fungerer godt i leik kan ha mange læringsmogelegheiter.

I barnehagen vil leik brukast fritt på barnas egne premissar. Dette kallas frileik / rolleleik. Eit eksempel på rolleleik kan være "mor, far og barn".

I rolleleiken viser barna stor evne til å gå inn og ut av ulike roller. Dermed oppøver dei evna til fleksibilitet.

Det er visse ferdigheiter som må være tilstades for at barn skal kunne delta i rolleleik:

- Evne til å skilje leik frå ikkje-leik. (ha ein felles forståing av når det er på liksom)
- Evne til å abstrahere reglar for samspel
- Evne til å identifisere eit leiketema, utvikle det og godta forandringar undervegs.

Den vaksne si rolle blir i hovudsak å stimulere barna til å leike, tilretteleggje og tilføre impulsar når det trengst. Den vaksne kan delta i leiken på barna sine premissar. For eksempel hjelpe barn som har behov for det i gang med leik, ved sjølv å vere deltakar. Ikkje alle barn er fortrulege med det å imitere / prøve ut andre roller i leik. Barn som har lite erfaring med rolleleik kan trenge litt hjelp av dei vaksne for sjølv å bli ein aktiv deltakar.

Regelleik og lagleik er ein naturleg del av barnehagedagen, særleg for dei eldste barna. Vi vil også nemne tilrettelagte leikeaktiviteter som bevegelsesleik / drama og formingsleik. Allsidig leik er eit vilkår for at barna skal få utvikle sine mogelegheiter.

VAKSENROLLA

Vårt mål er at barna skal få møte vaksne som går aktivt inn i samspel og leik. Samspelet mellom barn og vaksne er avgjerande for den sosiale- og personlege utviklinga.

Dei vaksne må ha evne og vilje til å skape trygge relasjonar. Barna skal oppleve tilgjengelege vaksne som er positive, motiverande modellar. Barna skal bli møtt med anerkjennelse, omsorg og respekt. Dei vaksne skal signalisere tru på at barnet kan og duger.

Livsmestring og helse

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ein opplevelse av eigenverdi. Den skal forebygge krenking og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenka eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følge det opp.

Dei sju fagområda som rammeplanen angir at barna skal få erfaring med i løpet av barnehageåret:

Kommunikasjon, språk og tekst

Kommunikasjon forgår i eit vekselspel mellom å motta og tolke budskap og å sjølv vere avsendar av eit budskap.

Å samtale om opplevsar, tankar og følelsar er nødvendig for utvikling av eit rikt språk.

Tekst omfattar både skriftleg og munnleg fortellingar, poesi, dikt, rim, regler og song.

I løpet av barnehagedagen legg vi vekt på at alle barna skal bli sett og høyrte. Barna lærer ord og uttrykk av kvarandre og vi vaksne er viktige språkmodellar.

Kropp, rørsle, mat og helse

Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykker seg mykje gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barn verda og seg sjølv å kjenne.

Barn sin kontakt med andre barn startar ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette har betydning for utvikling av sosial kompetanse.

Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er som tidlegare nemnt av betydning for å utvikle en sunn kropp.

Hovudmåltidet i barnehagen er smøremåltid, her får barna anledning til å smøre sin eigen mat. Pålegga barna kan velgje mellom er varierte og sunne.

Når det gjeld fødselsdagsfeiring i barnehagen, har vi valt ei sunn linje. Barna får velgje mellom: fruktfat, grønnsaker med dipp, ostesmørbrød, smoothie, pizza-rundstykke eller taco-rundstykke.

I tilknytning til uteområdet i barnehagen har vi eit fint skogsområde, her får barna anledning til å bruke kroppen sin meir variert. I skogen har vi klatrenett, slengtau, trampoline og balansetau m.m.

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen vil gi barna mogelegheit til å oppleve kunst og kultur og til sjølv å uttrykke seg estetisk.

Fagområdet omhandlar uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. I barnehagen vil vi vektlegge at barna skal få utvikle sin kreativitet på ulike måtar som for eksempel song, dans og musikk, dramatisering og formingsaktivitetar.

Natur, miljø og teknologi

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver.

Fagområdet skal bidra til at barn blir kjent med og får forståelse for plantar og dyr, landskap, årstider og ver.

Barna skal også få kjennskap til bruken av ulike tekniske hjelpemidlar. Dette kan være IPad, mobiltelefon; fotografering - digitale bilder m.m.

Mengd, rom og form

Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktiviteter utviklar barna sin matematiske kompetanse.

Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre barna til eigen utforsking og legge til rette for tidleg og god stimulering.

Vi jobbar med dette i samlingsstunder og i andre situasjonar gjennom dagen slik som borddekking, matlaging, rydding, sortering, leik, litteratur og dekorering av barnehagen.

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måtar vi oppfattar verda og menneska på og preger verdiar og haldningar.

Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som den skal ta med seg verdiar og tradisjonar i den kristne kulturarven.

Hatlebakken barnehage har utvida kristen formålsparagraf, dette kjem fram gjennom måten vi jobbar på. To gongar i veka har vi samlingsstund med kristent innhald, her tar vi for oss ein del av fortellingane i bibelen og syng kristne songar.

Visjonen vår fortel også noko om dei verdiane vi ønsker å formidle til barna: «Det du vil at andre skal gjer mot deg, skal du også gjer mot dei».

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utanfor familien med tillit og nysgjerrigheit. Den skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett. Barna skal medverke i å utforske og oppdage nærmiljøet sitt.

Vi i barnehagen legg vekt på at barna skal få kjennskap til sitt eige nærmiljø. Barna får kontakt med lokalsamfunnet gjennom besøk i butikk, biblioteket, kyrkje, andre barnehagar, tur på fjellet og bussturar m.m. I barnehagen har vi også besøk av personar frå lokalmiljøet, frå skular og frå andre barnehagar.



Progresjon – oppleving av framgang

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgruppe får varierte moglegheiter til lek, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og bygge vidare på barna sine interesser, og gi barna varierte erfaringar og opplevsar. Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpasse erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine.

Personalet skal:

- Oppdage, følge opp og utvide det barna allereie er opptatt av
- Planlegge og legge til rette for progresjon i barnehageinnholdet for alle barn
- Bidra til at barna får mestringsopplevingar, samtidig som de har noko å strekke seg etter
- Legge til rette for fordjupning, igjenkjenning og gjentaking i innhaldet og arbeidsmåtane til barnehagen
- Introdusere nye perspektiv og legge til rette for nye opplevingar og erfaringar
- Sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr - og gjere desse tilgjengelege for barna.

Barnegruppa her i barnehagen har ei alderssamansetning frå 1 år og opptil skulestart.

De yngste barna lærer av og «strekker seg» etter de eldre.

Vi deler inn barna i aldersinndelte gruppe. Dette gjeld både i samlingsstunder og i andre aktivitetar.

Det er med på å sikre at barna får delta i aktivitetar og opplegg ut ifrå sitt modnings- og utviklingsnivå.

Vurdering og dokumentasjon

Evaluering av arbeidet i barnehagen er til hjelp for den vidare planlegging.

Ei kontinuerleg evaluering vil medverke til at barnehagen kan utvikle seg i riktig retning.

Evalueringsprosessen:

planlegging -> gjennomføring -> evaluering -> ny planlegging

Ved å evaluere vil vi finne ut om vi når de måla som vi sett oss, kva fungerte godt / dårleg, kvifor dette osv.

Vurdering og evaluering vil skje gjennom:

- * iakttagelse i det daglege arbeidet ved observasjon av barn sin aktivitet og interesse.

f.eks. forholdet barn - barn og barn - vaksen.

- * Gjennom samtalar med barna få høyre kva dei har opplevd / sit igjen med etter dei ulike aktivitetane.

Det er også ønskeleg med tilbakemelding frå foreldra om korleis barna har gitt uttrykk for det dei har vore med på i barnehagen.

- * På personalmøte og planleggingsdagar.

- * Ved systematiske observasjonsmetoder.

- *Nytter vurderingsskjemaet TRAS, som står for: Tidlig Registrering Av Språkutvikling



Dokumentasjon i barnehagen:

- Vi heng opp månadsplanar i barnehagen. Her kjem det konkret fram kva vi skal gjere kvar veke.
- I løpet av kvardagen i barnehagen tar vi bilete av barna. Dette kan være i leik, på turar, under formingsaktivitetar og liknande.
- Kvar dag skriv vi dagbok om det som har hendt. Denne heng ute i grovgarderoba, slik at alle foreldre/føresette kan lese den. Dette vil kunne gi foreldre/føresette hjelp i samtalen med barna, om kva dei har gjort denne dagen
- I barnehagen lager barna ulike produkt. Dette vil kunne dokumentere det barna har gjort.
- Gjennom referat frå møter internt og eksternt, vil vi dokumentere det vi har tatt opp.
- Barna har ei eiga barnemappe. Den inneholder barneteikningar og produkt som barna har laga i barnehagen.



Barns medverking i barnehagen

Det er viktig at vi i barnehagen støtter opp under barna sin rett til å kome med egne meiningar. Kvart enkelt barn må bli sett og høyrte i barnehagen, kvart barn er unikt.

I vår barnehage kjem dette fram gjennom:

- Samtalar med barna der dei får kome med forslag til kva dei har lyst å gjere i barnehagen. Vi prøver å innfri ønsker frå barna.
- Smøremåltidet som vi har kvar dag. Her får barna komme med sine ønsker om kva dei vil ha på maten sin.
- Barna må ta omsyn til kvarandre i barnehagen. Dette gjelder i leik, vente på tur og elles gjennom daglege aktivitetar.
- Ordensbarn - barna får kvar sin dag vere med på å dekke bord, og ringe med bjella for rydding ute.

Plan for kompetanseheving og intern personalutvikling

Det er ei målsetting at all kompetanseheving og kvalitetsutvikling skal føre til at:

Ein styrker kvaliteten på vaksne sitt møte med barn.

Ein drøftar og vurderer konsekvensane av rammeplan på eigen arbeidsplass.

Ein må ta del i lokalt utviklingsarbeid og gjennom det fornye sin praksis.

Ein må ta del i rettleiing knytt til eigen praksis.

Ein må utvikle kunnskap og arbeidsformer i samarbeid med kollegaer.

(Jfr. Kultur og oppvekst i Sula)

Personalet i barnehagen deltek på kursdagar og andre tiltak i Sula Kommune.

Personalutvikling

Den mest avgjerande kompetansehevinga er den som skjer på arbeidsplassen når personalet utfører arbeidsoppgåver, nytter ulike arbeidsmåtar, opplever, gjer egne erfaringar, tenker over og drøfter dette saman med dei andre i personalgruppa.

Anna personalutviklingsarbeid:

- Styrar deltek på fagmøte i Kultur og oppvekst-sektoren i kommunen.
- Felles kursdagar for alle barnehagetilsette i Sula.
- Personalmøte - tek opp sentrale tema som er aktuelle i barnehagearbeidet.
- Førstehjelpskurs og andre aktuelle kurs.

Vi nytter vurderingsskjemaet TRAS i samband med språkutvikling hos barn.

Dette verktøyet gir økt kunnskap om språkutvikling og forhold som har samanheng med språket.

Det kan være med på å registrere eventuelle språkvanskar så tidleg som mogeleg og sette i verk tiltak.



Markering av kulturelle arrangement i lokal samfunnet

I løpet av tida i barnehagen får barna innblikk i nokre av dei kulturelle aktivitetane som skjer i lokalsamfunnet vårt. Noko av det vi er med på:

- Markering av barnehagedagen.
- Deltaking på ulike teater-forestillingar.
- Lage englar/stjerner til kyrkja i samband med julegudsteneste.
- Barnehagen går under eiga fane i 17.mai toget.
- Ein av dagane rett før 17. mai øver vi saman med dei andre barnehagane i Langevåg, og går i tog med musikk-korps i Langevåg sentrum.